

INNHALD

| | |
|---------------------|----|
| Møreforsking | 3 |
| Styret si beretning | 4 |
| Resultatrekneskap | 8 |
| Balanse | 9 |
| Notar | 11 |
| Revisjonsmelding | 14 |
| Møreforsking Volda | 16 |
| Møreforsking Marin | 20 |
| Møreforsking Molde | 24 |

MØREFORSKING

Møreforsking driv forskning innan samfunnsplanlegging, velferd, logistikk, nærings- og transportøkonomi, og anvendt forskning og utviklingsarbeid retta mot marine og maritime næringar. Vi tek på oss oppdrag for kundar innan næringsliv og offentleg sektor både regionalt, nasjonalt og internasjonalt.

Møreforsking har eit tett fagleg og forskingsmessig samarbeid med dei tre høgskolane i Møre og Romsdal, og er deira hovudreiskap for handtering av eksternt finansierte forskingsoppdrag. Møreforsking er ein del av den nasjonale instituttsektoren, men har samstundes eit særleg ansvar for å arbeide med forskning og kompetanseoverføring til næringsliv, lokalmiljø og offentleg forvaltning i Møre og Romsdal. Møreforsking har eit allment føremål for si forskingsverksemd.

ORGANISASJON

Konsernet Møreforsking er sett saman av morselskapet Møreforsking AS og dotterselskapet Møreforsking Molde AS. Møreforsking AS har forskingsavdelingar i Volda og Ålesund, og eig 51% av aksjane i dotterselskapet Møreforsking Molde AS, medan Høgskolen i Molde eig 49%.

Møreforsking AS sine eigarar er Møre og Romsdal fylke (36%), Høgskolen i Molde (18%), Høgskulen i Volda (18%), Høgskolen i Ålesund (18%) og Stiftelsen Møreforsking (10%).

VISJON

Møreforsking skal utføre kritisk og uavhengig forskning med høg kvalitet. Dette skal kjenneteikne alle delar av verksemda vi driv. Visjonen vår er:

“Ny kunnskap til nytte”

IDÉ FOR VERKSEMDA

Møreforsking skal skape meirverdi for samfunnet, kundane og høgskolemiljøa gjennom å utvikle, formidle og bruke tverrfagleg, aktuell kunnskap. Vi skal levere oppdragsbaserte forskings- og utviklingstenester på fagområde som er forankra i høgskolane i Møre og Romsdal. Møreforsking skal delta i, hente frå og bidra til forskingsfronten nasjonalt og internasjonalt. Vi skal bidra til ein god flyt av forskingsbasert kunnskap mellom næringsliv, offentleg sektor, undervising og forskning i Møre og Romsdal. Vår styrke skal vere tverrfagleg, anvendt forskning og formidling.

MÅLPLAKAT:

Møreforsking skal i samspel med våre eigarar auke kapasiteten i regionen til å drive forskning og forskingsbasert kunnskapsformidling av høg kvalitet. Vi skal utvikle og formidle ny kunnskap som er til nytte, for å skape verdiar og bærekraftige samfunn. Vi skal ha ein tydeleg profil og eit omdømme som eit leiande kunnskapsmiljø på og for Nordvestlandet.

STYRE – LEDELSE – ADMINISTRASJON

MØREFORSKING AS

Bjørn Berge, Hydro Sunndal (leiar)
Rune Garen, Rolls Royce Marine AS (nestleiar)
Bergljot Landstad, Møre og Romsdal fylke
Martin Risnes, Høgskolen i Molde
Anne Øie, Høgskulen i Volda
Anne Stene, Høgskolen i Ålesund
Margareth Kjerstad, Møreforsking Marin (tilsette)
Randi Bergem, Møreforsking Volda (observartør)
Jan Husdal, Møreforsking Molde AS (vara tilsette)

LEDELSE – ADMINISTRASJON

Roar Tobro, direktør (frå 01.01.2008)
Anne Aarskog, førstekonsulent (permisjon frå 01.12.2008)
Siv Katrin Alnes, førstekonsulent (frå 01.12.2008)
Marit Eliassen, konsulent
Terje Bach, kompetanseregler Nordmøre (frå 01.12.2008)

STYRET SI BERETNING



Møreforsking AS tok frå 01.01.2008 over verksemda til Stiftelsen Møreforsking. Dette markerte avslutninga på ein lang prosess med mål å finne ei betre organisering av Møreforsking, og eit ønskje om å knytte meir direkte band til dei tre høgskolane i Møre og Romsdal. Stiftelsen Møreforsking har frå same tid eige av aksjar i Møreforsking AS som einaste føremål. Omorganiseringa vart endeleg godkjend av Stiftelsestilsynet den 23. januar 2008.

Aksjane i Møreforsking AS er eigd av Møre og Romsdal fylke (36%), Høgskolen i Molde (18%), Høgskulen i Volda (18%), Høgskolen i Ålesund (18%) og Stiftelsen Møreforsking (10%). Gjennom aksjonæravtalen mellom aksjonærane i selskapet vart det slått fast at "selskapet skal ha ei fagleg forankring i fagmiljøa ved dei tre høgskolane som er aksjonærer i selskapet og fungere som høgskolane sin hovudreiskap for handtering av eksternt finansiert forskning". Den nye organiseringa legg grunnlag for utvikling av eit samla sett sterkare, meir robust og konkurransedyktig forskingsmiljø i Møre og Romsdal.


Konsernet Møreforsking er sett saman av morselskapet Møreforsking AS og dotterselskapet Møreforsking Molde AS. Møreforsking AS sitt hovudkontor ligg i Volda og vi har forskingsavdelingar i Volda og Ålesund, dotterselskapet ligg i Molde. Dotterselskapet Møreforsking Molde AS er eigd med 51% av Møreforsking AS medan Høgskolen i Molde eig 49%.

Møreforsking driv forskning innan samfunnsplanlegging, velferd, logistikk, nærings- og transportøkonomi, og anvendt forskning og utviklingsarbeid

retta mot marine og maritime næringar. Vi tek på oss oppdrag for kundar innan næringsliv og offentleg sektor både regionalt, nasjonalt og internasjonalt.

Konsernet Møreforsking hadde i 2008 eit høgt aktivitetsnivå og god oppdragsdekning. Omsetnaden auka med 25% og bemanninga med 15% samanlikna med verksemda til Stiftelsen Møreforsking i 2007. Etterspurnaden etter forskingstenester og kompetanse frå næringsliv, lokalmiljø og offentleg forvaltning var god, og den viktigaste flaskehalsen var kapasiteten i det samla kunnskapsmiljøet som høgskolane og Møreforsking utgjer. Styrking av det faglege og operative forskings-samarbeidet mellom høgskolane og Møreforsking har difor hatt høg prioritet.

Møreforsking arbeidde i 2008 fram ein ny strategi. For å sikre at vi går i rett retning og når dei måla vi har fastsett i strategien, måler vi prestasjonane våre på desse områda:



MEIR SAMARBEID MED HØGSKOLANE

Dei tre høgskolane i Møre og Romsdal og Møreforsking utgjer samla eit kunnskapsmiljø med ca 450 tilsette i fagstillingar. Høgskolane vart gjennom omorganiseringa direkte eigarar i Møreforsking, og er våre viktigaste faglege samarbeidspartnarar. Møreforsking skal spegle høgskolane sine faglege profilar, og fungere som deira eining for eksternt finansierte forskingsoppdrag. For å møte ein veksande marknad, er utfordringa å auka kapasiteten i regionen til å drive forskning og forskingsbasert kunnskapsformidling, og Møreforsking har i 2008 lagt vekt på å styrke det faglege og operative samarbeidet på kvart campus. I tillegg til å auke bemanning i eigen regi, har talet på tilsette frå høgskolane som deltek i prosjektsamarbeid auka.

Ei viktig side av dette er eit tettare strategisk samarbeid med høgskolane om å realisere faglige satsingar, og å utvikle felles forskingsfelt. Slike prosessar vart sett i gang både i Volda, Ålesund og Molde.

Ei tett kopling mot høgskolane, det regionale næringsliv og andre brukarar er viktig som plattform for å samarbeid med leiande internasjonale og nasjonale fag- og forskingsmiljø.

VIKTIGE SATSINGAR

Møreforsking auka i 2008 aktiviteten retta mot næringslivet. Dette var mellom anna eit resultat av VRI Møre og Romsdal, som i 2008 hadde sitt første fulle driftsår. VRI-programmet er Forskringsrådet si hovudsatsing for auka forskning og innovasjon i regionane. I Møre og Romsdal er VRI retta mot marin og maritim næring, og involverer både Møreforsking og dei tre høgskolane i fylket. Gjennom VRI har kompetansemeklarane besøkt over 60 bedrifter i løpet av 2008. Det vart sett i gong 37 forprosjekt, og fleire av desse er ført vidare som hovudprosjekt med finansiering frå NFR, IN og andre. Gjennom ulike personmobilitetstiltak vert viktig spisskompetanse overført til høgskolane frå næringslivet og andre FoU-miljø. Fleire studentar og nyutdanna har fått verdifull praksis i bedriftene. Bedrifter og fagfolk i Møreforsking og ved høgskolane har gjennom VRI bygd nettverk som gjev nyttig utveksling av erfaringar og kunnskap. Fleire av aktivitetane skjer i samarbeid med andre fylke. Møreforsking har prosjektansvaret for VRI Møre og Romsdal, i tillegg til eit eige forskarprosjekt som går parallelt med satsinga.

Møreforsking ønskjer å bidra til auka forskingsaktivitet på Nordmøre. Vi fekk difor i 2008 på plass ein eigen medarbeidar i Kristiansund knytt til VRI Møre og Romsdal. Målet er å gi bedrifter på Nordmøre enklare tilgang til FoU-kompetanse innan marine og maritime næringar og i petroleumsnæringa.

FOU-PRODUKSJON

Møreforsking driv både grunnforskning og anvendt forskning organisert gjennom oppdrag. Det er tett samanheng mellom grunnforskning, anvendt forskning og oppdragsretta verksemd. Oppdragsretta verksemda er viktig for å formidle og ta i bruk kunnskap som vert utvikla gjennom grunnforskning. Enda viktigare er det at brukarkontakta som oppdrags-

verksemda gir, avdekkjer nye problemstillingar og kunnskapsbehov som kan forast attende til grunnforskning. Oppdragsverksemda skaffar viktig datagrunnlag og empiri, som grunnforskninga er heilt avhengig av for å kunne utvikle ny kunnskap. Den delen av verksemda som har grunnforskingskarakter var i 2008 på 42%.

Høgskolane sin eigarskap i Møreforsking AS bidreg til å bygge og forsterke denne "sirkelen" til gjensidig nytte, mellom anna slik at høgskolane skal kunne drive meir FOU-basert undervising.

Langsiktig kunnskapsbygging skjer mellom anna gjennom strategiske instituttprogram, med finansiering frå Forskringsrådet. Møreforsking i Volda avslutta i 2008 sitt strategiske instituttprogram innan "Kommunikativ planlegging og utvikling", medan Møreforsking Molde i 2008 starta opp eit nytt strategisk instituttprogram innan nytte-kostnadsanalyser.

Møreforsking er eit av 51 norske forskingsinstitutt som mottek grunnløyving frå Forskringsrådet, og dette utgjorde i 2008 NOK 2,2 mill, tilsvarende 5,2% av samla driftsinntekter i konsernet. I tillegg løyva Møre og Romsdal fylke eit tilskot på NOK 1,4 mill. Desse midla finansierer grunnleggjande, kompetanseutvikling og fagleg fornying av forskarstaben, kvalitetssikring av forskingsresultat, publisering og formidling i form av vitenskaplege artiklar, nettverksbygging og internasjonisering, samt doktorgradsutdanning innanfor instituttet sine forskingsområde. Høgskolane og Møreforsking samarbeider om publisering gjennom felles skriftseriar. Desse seriane er meinte å vere eit supplement til det som vert utgitt på nasjonale og internasjonale forlag og i ulike tidsskrift. Mange av dei oppdraga som blir gjort i Møreforsking, legg grunnlaget for vitenskapleg publisering i regi av høgskolane.


Alle rapportar frå oppdrag som ikkje er graderte vert lagt ut og kan lastast ned fritt på våre heimesider. Det vart publisert 58 forskings- og arbeidsrapportar i 2008 i eigen regi og 5 rapportar i samarbeid med andre forskingsmiljø. Dette er på nivå med året før.

Stor oppdragstilgong og mange nyttilsette gjorde at produksjon målt i vitenskaplege publiseringar var låg i 2008, med berre 2 vitenskaplege artiklar og 3 artiklar i fagbøker og tidsskrift. Vi ønskjer å styrke den vitenskaplege produksjonen framover, og det vart sett i gong arbeid med ei rekke vitenskaplege artiklar som vil bli publisert i 2009 og 2010.

TILFREDSE KUNDAR

Møreforsking auka i 2008 omsetnaden med 8,5 mill kroner. Denne auken kom særleg frå næringsretta prosjekt i samarbeid med regionale bedrifter, og andelen av inntektane som kjem frå næringslivet auka frå 24% i 2007 til 33% i 2008. Møreforsking hentar framleis hovudtyngda av oppdraga frå den nasjonale marknaden. Hos både Møreforsking Molde og Møreforsking Volda kjem mesteparten av oppdraga frå kundar utanom Møre og Romsdal, der særleg ulike departement og direktorat er viktige brukarar. Av ein samla omsetnad på 42 mill kroner var 89% oppdragsinntekter, som var slik fordelt mellom ulike kundegrupper:

OPPDRAKSINNTEKTER 2008



Møreforsking hadde 181 ulike prosjekt under arbeid i 2008. Størrelsen på prosjekta auka med gjennomsnittleg 50%. Større prosjekt gir betre vilkår for fagleg fordjuping og langsiktig kunnskapsbygging.

OMDØMME:

Møreforsking deltok i 2008 i ei måling av omdømme hos leiarar i regionale bedrifter og offentlege etatar. Undersøkinga viste at Møreforsking har eit rimeleg godt omdømme, med god kvalitet på tenesene, og medarbeidarane blir oppfatta som dyktige. Arbeidsplassen framstår som attraktiv. Leiarane har høg tillit til Møreforsking, og vi gjer det særleg godt innanfor samfunnsansvar og etikk. Vårt svakaste punkt omdømmemessig er økonomi. Leiarane oppfattar økonomien som middels god og oppfattar ikkje Møreforsking som eit selskap i vekst.


Tilsette i Møreforsking heldt 43 populærvitenskaplege foredrag eller presentasjonar i 2008. Vi var arrangør eller medarrangør på 8 ulike konferansar/seminar.

Møreforsking har som mål å styrke ekstern formidling og bli meir synlege som forskingsmiljø. Som ledd i dette utvikla vi i 2008 nye nettsider og ein ny grafisk profil.

GODE MEDARBEIDARAR

Det vart utført 42 årsverk ved Møreforsking i 2008. Dette er ein auke på 5 årsverk frå 2007. Heile auken var i forskarårsverk. Møreforsking fekk 11 nye medarbeidarar på plass i løpet av fjoråret. Ved utgangen av året var vi 53 tilsette, fordelt med 44 vitenskaplege og 9 administrativt tilsette (1 i permisjon ved årsskiftet). Ved utgangen av 2008 hadde vi 16 medarbeidarar med doktorgrad eller tilsvarande kompetanse. To arbeider med doktorgrad.

ÅRSVERK



Kjønnsbalansen ved instituttet er god, både blant forskarane og samla. 23 av dei tilsette er kvinner, og kvinner utgjer 43% av det vitenskaplege personalet. Det vert praktisert full likestilling i høve til alle stillingar og funksjonar i selskapet.

Møreforsking tok i 2008 initiativ til eit eige utviklingsprogram for forskingsleiarar retta mot høgskolane i Molde, Ålesund, Volda, Sogn og Fjordane, Vestlandsforskning, Møreforsking og Forskningsrådet. Dette programmet starta opp i 2009, og har 24 deltakarar med lik fordeling mellom kjønna. Programmet er eit viktig tiltak for å styrke kvinner sine moglegheiter til å gjere karriere som forskarar og for å rekruttere fleire kvinner til forskingsleing.

Ei viktig side av samarbeidet med høgskolane er utveksling av medarbeidarar mellom forskning og undervisning. Om lag 20 av våre medarbeidarar deltok i 2008 i undervisning, sensur og rettleingsarbeid ved høgskolane, samstundes som eit tilsvarande tal høgskoletilsette deltok i forskingsprosjekt i regi av Møreforsking. Fem er tilsett i bistilling. Det er eit mål å auke omfanget av slikt personalsamarbeid.

ARBEIDSMILJØ OG YTRE MILJØ:

Møreforsking driv eit systematisk HMS-arbeid med årlege gjennomgangar av fysisk og psykososialt arbeidsmiljø. Det har ikkje vore rapportert skadar eller ulykker knytt til verksemda eller dei tilsette i 2008. Samla sjukefråvær i konsernet var på 2,7 årsverk, som tilsvarer 6,3%. For Møreforsking AS var sjukefråværet 6,4%, mens det for Møreforsking Molde AS var 6,3%.

Møreforsking driv ikkje aktivitet som har negative følgjer for ytre miljø.

SKATT

Forskning har tradisjonelt vore rekna som allmenn-nyttig verksemd som har hatt fritak for skatt på inntekt og formue. SINTEF vart i i 2008 ilagt inntektskatt for åra 2001-2002. Som følgje av dette er skatteetaten i ferd med å gå gjennom skattestatusen til heile instituttsektoren. Skatt Midt-Norge påla i brev av 13. mars 2009 både Møreforsking AS og Møreforsking Molde AS å levere sjølvmelding frå og med inntektsåret 2008.

Rekneskapan for Møreforsking AS og Møreforsking Molde AS er som følgje av dette gjort opp med avsetjing for skatt.

ØKONOMI

Året 2008 var første år med ordinær drift i konsernet Møreforsking AS, og konsernrekneskapan har difor ikkje samanlikningstal. Samanlikningane som er gjort under er gjort med utgangspunkt i konsernrekneskapan til Stiftelsen Møreforsking STI frå 2007.

Omsetninga til konsernet Møreforsking auka i 2008 med 8,5 mill kr til 41,8 mill kr, dette var 5 mill over budsjett. Rekneskapan for konsernet syner eit ordinært resultat etter skatt og minoritetsinteresser på kr 694 187,-.

Konsernet hadde ein samla eigenkapital pr 31.12.2008 på NOK 15,1 mill (minoritetsinteresser inkludert). Dette gir ein eigenkapitalandel tilsvarande 32% av totalkapitalen. Av den langsiktige gjelda på NOK 11,9 mill er NOK 9,4 mill knytt til det forskingsfondet som Møreforsking vart tilført av Møre og Romsdal fylke ved stiftinga av selskapet i 2007.

Totalkapitalen i konsernet pr 31.12.2008 var på NOK 46,4 mill. Konsernet har ein samla likviditetsbeholdning på NOK 33 mill og dermed god evne til eigenfinansiering av investeringar i kompetanse og driftsmiddel.

MØRELSKAPET MØREFORSKING AS

Året 2008 var første år med ordinær drift i Møreforsking AS, og rekneskapen kan difor ikkje samanliknast direkte med tala for det same selskapet i 2007.

Resultatrekneskapen for 2008 viser eit ordinært resultat før skatt på kr 922.708,-. Ordinært resultat etter skatt var på NOK 653 481,-. Brutto omsetning i 2008 var på NOK 28,8 mill, som tilsvarar ein auke på NOK 8 mill i høve til den verksemda som Stiftelsen Møreforsking dreiv i 2007. Selskapet hadde pr. 31.12.2008 ein eigenkapital på NOK 14 114 929,- som tilsvarer 34,6% av totalkapitalen. Samla balanse var på NOK 40 830 288,-.

Møreforsking AS har etter vedtektene ikkje høve til å betale ut utbytte, og alt overskot går attende til verksemda og vert nytta til investeringar i kompetanse og utstyr til å drive forskning.

Styret tilrår at resultatet – stort NOK 653 481,- leggjast til annan eigenkapital.

VIDARE DRIFT

Årsrekneskapen for 2008 for Møreforsking AS og for konsernet Møreforsking er gjort opp under føresetnad om vidare drift. Etter styret si meining gir den framlagte årsrekneskapen og balansen saman med tilhøyrande notar eit dekkande bilete av konsernet si drift og økonomiske stilling ved årsskiftet.

UTSIKTENE FRAMOVER

Møre og Romsdal framstår på mange som ei "gäte" i høve til forskning og utvikling. På den eine sida scorar fylket lågt på dei fleste indikatorar som målar innsatssida i form av utdanningsnivå, og investeringar i forskning. Talet på forskarårsverk i høve til folketalet er lågt. Ungdom som tek lengre høgare utdanning utanfor fylket flyttar i liten grad attende, og regionen har svak evne til å tiltrekkje seg arbeidskraft med lang utdanning. Samtidig har fylket eit næringsliv som driv kommersiell innovasjon i verdsklasse, og som er gode til å anvende resultat frå forskning i eige innovasjonsarbeid. Mykje utviklingsarbeid skjer internt i bedriftene, der kundar og leverandørar er viktigaste samarbeidspartnarar og kjelder til nyskaping. Samarbeidet mellom FoU miljøa og næringslivet er godt utvikla i høve til å anvende forskingsresultat. Samtidig aukar kravet til

kunnskapsinnhald, og næringslivet vert meir og meir avhengig av å ha tette band mot sterke utdannings- og forskingsmiljø for å kunne hevde seg på ein global konkurransearena også i framtida.

Dei tre høgskolane i Møre og Romsdal har ei nøkkelrolle som leverandør av utdanning til både næringslivet og offentleg sektor i regionen i form av ingeniørar, økonomar, lærarar, helsepersonell og ei rad andre yrke. Alle dei tre høgskolane har utdanningstilbod som er nasjonalt leiande på viktige fagfelt. Høgskolane utviklar kompetanse som i stor grad blir i fylket. Slik sett er det heilt avgjerande å utvikle utdanningstilboda ved høgskolane vidare, både på bachelor-, master- og doktorgradsnivå. Flaskehalsen for å få dette til ligg på forskingssida, både i høve til å utvikle meir forskingsbaserte studie og å levere meir forskning til både næringsliv og offentleg sektor. Møre og Romsdal treng auka forskingskapasitet og sterkare forskingsmiljø. Det må byggjast institusjonar og forskingsmiljø med nasjonal og internasjonal konkurransekraft på område der regionen har fortrinn.

Møreforsking har ei tett kopling mot høgskolane, det regionale næringslivet og offentleg sektor, og ønskjer å underbygge utvikling av både studietilboda og nye faglege satsingar gjennom anvendt forskning. Møreforsking si rolle er å supplere og å forsterke den auka forskings- og utviklingsaktiviteten i godt samarbeid og samspel med kvar av dei tre høgskolane. Vi vil auke den vitskapelege produksjon, utdanne og rekruttere fleire forskarar og bygge sterkare forskingsmiljø på og mellom kvart campus.

Finanskrisa som oppstod i 2008 gjer at internasjonal økonomi er i tilbakegang. Vi kan vente svake internasjonale konjunkturar i lang tid framover, og mange bedrifter må omstille seg. Erfaringar frå tidlegare kriser og undersøkingar gjort av Forskingsrådet tilseier i ein slik situasjon at mange bedrifter vil redusere sine forskingsinvesteringar og utsette prosjekt. Dei "krisepakane" som så langt er sett ut i livet rettar seg i liten grad mot å stimulere til auka forskning. Aktivitetsnivået og talet på prosjekt i frå marine bedrifter er framleis høgt, men vi opplever ein nedgang i talet på oppdrag frå offentleg sektor. Møreforsking opplevde stor oppdragspågang og aktivitetsvekst i 2008. Vi ventar ikkje den same auken i aktivitetsnivået i 2009. I en slik situasjon prioriterer vi langsiktig oppbygging av kompetanse og styrking av den vitskapelege produksjonen.

Volda 31.12.2008 / 18.06.2009

Bjørn Berge
leiar

Rune Garen
nestleiar

Bergljot Landstad

Anne Øie

Margareth Kjerstad

Anne Stene

Roar Tabro
direktør

Martin Risnes

RESULTATREGNSKAP UTDRAG

| MORSELSKAP | | | KONSERN |
|-------------------|--|-------|-------------------|
| 2008 | | Noter | 2008 |
| | DRIFTSINNEKTER | | |
| 27 729 611 | Driftsinntekter | 1, 9 | 41 517 094 |
| 341 592 | Endring av oppdrag i arbeid og forskotsfakturert på prosjekt | | -123 485 |
| 744 572 | Andre driftsinntekter | | 399 486 |
| 28 815 775 | Sum driftsinntekter | | 41 793 095 |
| | DRIFTSKOSTNADER | | |
| 15 368 205 | Løn og sosiale kostnader | 3, 6 | 25 229 053 |
| 141 861 | Avskrivning | 4 | 236 818 |
| 10 061 864 | Direkte prosjektkostnader | | 11 813 808 |
| 3 275 858 | Andre driftskostnader | 3 | 4 707 245 |
| 28 847 787 | Sum driftskostnader | | 41 986 924 |
| -32 013 | Driftsresultat | | -193 829 |
| | FINANSINNEKTER OG FINANSKOSTNADER | | |
| 955 830 | Finansinntekter | | 1 234 396 |
| 1 110 | Finanskostnader | | 3 699 |
| 954 720 | Netto finansresultat | | 1 230 697 |
| 922 708 | Ordinært resultat før skattekostnad | | 1 036 868 |
| 269 227 | Skattekostnad på ordinært resultat | 10 | 303 570 |
| 653 481 | Årsresultat før minoritetsinteresser | | 733 298 |
| | Minoritetsseigar sin del av årsresultatet | 2 | 39 111 |
| 653 481 | Årsresultat etter minoritetsinteresser | | 694 187 |

BALANSE UTDRAG

MORSELSKAP

KONSERN

| 31-12-08 | | Note | 31-12-08 |
|-------------------|---|----------|-------------------|
| | EIGE | | |
| | ANLEGGSMIDLAR | | |
| | Varige driftsmidler | | |
| 119 433 | Tomt | 1, 4 | 119 433 |
| 330 300 | Bygg | 1, 4 | 330 300 |
| 898 | Bil | 1, 4 | 898 |
| 720 322 | Inventar og kontormaskiner | 1, 4 | 1 080 407 |
| 1 170 953 | Sum varige driftsmidler | | 1 531 038 |
| | FINANSIELLE ANLEGGSMIDLAR | | |
| 60 045 | Aksjar | 5 | 1 110 795 |
| 4 386 032 | Aksjar dotterselskap | 5 | |
| 4 446 077 | Sum finansielle anleggsmidler | | 1 110 795 |
| 5 617 030 | SUM ANLEGGSMIDLAR | | 2 641 833 |
| | OMLAUPSMIDLAR | | |
| 0 | Varer | 1 | 0 |
| | Krav | | |
| 5 786 349 | Kundekrav | 1 | 8 793 444 |
| 1 560 790 | Oppdrag i arbeid | 1 | 1 914 383 |
| 4 257 | Andre krav | 1 | 47 252 |
| 7 351 396 | Sum krav | | 10 755 079 |
| 27 861 862 | Bankinnskott | 7 | 33 040 486 |
| 35 213 257 | SUM OMLAUPSMIDLAR | | 43 795 565 |
| 40 830 288 | SUM EIGE | | 46 437 398 |
| | EIGENKAPITAL OG GJELD | | |
| | EIGENKAPITAL | | |
| | Innskoten egenkapital | | |
| 500 000 | Aksjekapital | | 500 000 |
| 13 864 415 | Overkursfond | | 13 864 415 |
| 50 000 | Anna innskoten egenkapital | | 50 000 |
| 14 414 415 | Sum innskoten egenkapital | 8 | 14 414 415 |
| | Opptent egenkapital | | |
| -299 486 | Anna egenkapital | | 437 564 |
| -299 486 | Sum opptent egenkapital | 8 | 437 564 |
| 14 114 929 | SUM MAJORITETEN SIN EIGENKAPITAL | 8 | 14 851 979 |
| | Minoritetsinteresser | 2 | 264 061 |
| 14 114 929 | SUM EIGENKAPITAL | 8 | 15 116 040 |

BALANSE UTDRAG

| MORSELSKAP | | | KONSERN |
|-------------------|----------------------------------|----------|-------------------|
| 31-12-08 | | Note | 31-12-08 |
| | GJELD | | |
| | LANGSIKTIG GJELD | | |
| 1 563 404 | Utsatt skatt | 10 | 2 495 093 |
| 9 400 000 | Andre forpliktelser | 1 | 9 400 000 |
| 10 963 404 | Sum langsiktig gjeld | | 11 895 093 |
| | KORTSIKTIG GJELD | | |
| 4 076 494 | Leverandørgjeld | | 4 396 106 |
| 1 342 899 | Skuldige offentlege avgifter | | 2 705 633 |
| | Betalbar skatt | 10 | |
| 5 714 038 | Forskot på prosjekt | 1 | 6 952 071 |
| 4 618 523 | Anna kortsiktig gjeld | | 5 372 455 |
| 15 751 954 | Sum kortsiktig gjeld | 1 | 19 426 265 |
| 26 715 358 | SUM GJELD | | 31 321 358 |
| 40 830 288 | SUM EIGENKAPITAL OG GJELD | | 46 437 398 |

Volda 31.12.2008 / 18.06.2009

Bjørn Berge
leiar

Rune Garen
nestleiar

Bergljot Landstad

Anne Øie

Margareth Kjerstad

Anne Stene

Roar Tabro
direktør

Martin Risnes

NOTAR

NOTE 1

REKNESKAPSPRINSIPP

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova av 1998. Konsernet nyttar regnskapsreglane for små selskap. Det vert gjort greie for rekneskapsprinsippa nedanfor.

Inntekter/Kostnader

Inntekter vert resultatført etter oppteningsprinsippet, i takt med utføring av arbeid og medgåtte kostnader.

Tilskot til prosjekt vert bruttoført og resultatført etter same prinsipp som andre inntekter. Andre generelle tilskot vert inntektsført jamt gjennom året.

Kostnader vert resultatført i same periode som tilhørande inntekt etter samanstillingsprinsippet.

Hovudregel for vurdering og klassifisering av eige og gjeld

Eige bestemt til varig eige eller bruk er klassifisert som anleggsmidlar. Anna eige er klassifisert som omlaupsmidlar. Krav som skal tilbakebetalast innan eitt år er klassifisert som omlaupsmidlar. Ved klassifisering av kortsiktig gjeld er tilsvarande kriterium lagt til grunn.

Anleggsmidlar vert vurderte til kostpris, men vert nedskrivne til verkeleg verdi når verdifallet ikkje er venta å vere forbigåande. Anleggsmidlar med avgrensa økonomisk levetid vert avskrivne planmessig.

Langsiktige lån vert balanseførde til nominelt motteke beløp på etableringstidspunktet.

Omlaupsmidlar vert vurderte til lågaste av kostpris og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld vert balanseført til nominelt motteke beløp på etableringstidspunktet. Kortsiktig gjeld vert ikkje oppskrivne til verkeleg verdi som følgje av renteendring.

Andre anleggsaksjar

Anleggsaksjar der selskapet ikkje har særleg medverknad, vert balanseførde til kostpris. Investeringane vert nedskrivne til verkeleg verdi dersom verdifallet ikkje er forbigåande.

Varer

Varer er vurderte til det lågaste av kostpris og netto salsverdi. For råvarer og varer i arbeid vert netto salsverdi rekna til salsverdien av ferdig tilverka varer redusert for gjenverande tilverkningskostnader og salskostnader.

Kontrakter / Igongverande prosjekt

Verdien av prosjekt i arbeid er vurdert til utlegg som kan vidarefakturereast samt medgått tid til godkjend faktureringsatts. Utfaktureringsattsane dekkjer løn, sosiale kostnader og overhead. "Løpande

avrekningsmetoden med forteneste" vert som tidlegare år lagt til grunn for vurdering av verdien av prosjekt i arbeid. For prosjekt som ein ventar kan gi tap, vert heile det berekna tapet kostnadsført umiddelbart.

Utført, ikkje fakturert arbeid vert vist på eiga linje i balansen som oppdrag i arbeid. A-konto betalningar og forskot som er motteke frå kundar, der faktureringa overstig utført arbeid, vert vist på eiga linje i balansen som forskot på prosjekt under kortsiktig gjeld.

Krav

Kundekrav og andre krav vert oppførte til pålydande etter frådrag for avsetjing til venta tap. Avsetjing til tap vert gjort på grunnlag av ei individuell vurdering av dei einskilde krava.

Bankinnskot, kontantar og liknande

Bankinnskot, kontantar og liknande inkluderer kontantar, bankinnskot og andre betalingsmidlar med forfallsdato som er kortare enn tre månader frå transaksjonstidspunktet.

Konsolidering

Møreforsking AS eig 51% av aksjane i Møreforsking Molde AS. Resterande 49% er eigde av Høgskolen i Molde. Stemmedelninga i generalforsamlinga er tilsvarande. Møreforsking Molde AS er konsolidert i konsernrekneskapen der alle vesentlege interne transaksjonar og mellomverande mellom selskapa er eliminerte.

Samanlikningstal

Møreforsking AS vart skipa 08.06.2007 i samband med ein omorganiseringssprosess som er gjennomført med virkning frå 01.01.2008. Konserndanninga skjedde også frå 01.01.08 og difor manglar samanlikningstal.

Selskapa i konsernet er, i likheit med andre forskingsinstitutt, pålagt skatteplikt f.o.m. inntektsåret 2008. Skattekostnaden er samansett av endring i utsett skatt i løpet av året og betalbar skatt for 2008. Utsett skatteforplikting pr. 01.01.2008 er utrekna med basis i retningslinjer frå Skattedirektoratet og inngåande balanse pr. 01.01.2008 er korrigert for dette.

Forskningsfond

Møreforsking har motteke forskningsmidlar frå Møre og Romsdal Fylke, gjenstående pr 31.12.08 er kr 9,4 mill.. Midlane skal nyttast til å utvikle og styrke prioriterte forskingsområde som er regionalt viktige.

NOTE 2

KONSERNLITHØVE

Konsernet omfattar morselskapet Møreforsking AS og dotterselskapet Møreforsking Molde AS.

Konserndanninga skjedde pr. 01.01.08 der Møreforsking AS som eit ledd i omorganiseringa av drifta tok over Møreforsking STI sine aksjar i Møreforsking Molde AS (51%).

Minoriteten sin del av Møreforsking Molde AS utgjer 49%.

| | 2008 |
|--|---------|
| Minoriteten sin andel av eigenkapitalen pr 01.01 | 224 950 |
| Minoriteten sin andel av årets resultat | 39 111 |
| Minoritetsinteresser 31.12 | 264 061 |

Overkursfondet i dotterselskapet er innbetalt av morselskapet og er dermed eliminert i konsernregnskapet.

NOTE 3 LØNNSKOSTNAD, TAL PÅ TILSETTE, GODTGJERINGAR MED MEIR

| | | | |
|--------------------------------|-------------------|---|-------------|
| Lønnskostnad | 2008 | Gjennomsnittleg tal på tilsette (årsverk) | 42 |
| Lønn | 19 026 061 | | |
| Folketrygdavgift | 3 084 055 | | |
| Pensjonskostnader (sjå note 7) | 2 723 036 | | |
| Andre ytingar | 395 900 | | |
| Sum | 25 229 053 | | |
| | | Revisor | 2008 |
| | | Kostnadsført revisjonshonorar konsern | 87 300 |
| | | Revisjonsrelaterte tilleggstenester konsern | 23 920 |

NOTE 4 VARIGE DRIFTSMIDLAR

| | Tomt | Bygg | Maskiner/ Utstyr / Bil | Program-vare | Sum |
|-----------------------------|----------------|----------------|------------------------|------------------|------------------|
| Kostpris 01.01. | 119 433 | 877 500 | 1 760 529 | 276 024 | 3 033 486 |
| Tilgang | - | - | 228 516 | 803 676 | 1 032 192 |
| Avgang | - | - | - | - | - |
| Kostpris 31.12. | 119 433 | 877 500 | 1 989 045 | 1 079 700 | 4 065 678 |
| Akk avskrivningar 31.12. | - | (547 200) | (1 586 545) | (400 894) | (2 534 639) |
| Bokført verdi 31.12. | 119 433 | 330 300 | 402 500 | 678 806 | 1 531 038 |
| Avskrivningar 2008 | | 44 400 | 138 692 | 53 726 | 236 818 |
| Økonomisk levetid | | 20 år | 3-5 år | 5 år | |
| Avskrivningsplan | | Lineær | Lineær | Lineær | |

NOTE 5 ANLEGGSAKSJAR

| Anleggsmidlar | Eigarandel | Pålydande | Kostpris | Balansført |
|----------------------------|------------|-----------|------------------|------------------|
| Institdata AS | 1,0 % | 1 000 | 9 295 | 9 295 |
| Molde Kunnskapspark | 0,7 % | 1 000 | 50 750 | 50 750 |
| Kunnskapsparken Eiendom AS | 20,0 % | 100 | 1 000 000 | 1 000 000 |
| Ålesund Kunnskapspark AS | 0,7 % | 1 000 | 50 750 | 50 750 |
| Sum | | | 1 110 795 | 1 110 795 |

NOTE 6 PENSJONSKOSTNADER, - MIDLAR OG -FORPLIKTINGAR

Møreforsking er pliktig til å ha ei tenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tenestepensjon. Selskapet har ei kollektiv pensjonsforsikring i Kommunal Landspensjonskasse (KLP) som oppfyller krava i lov om obligatorisk tenestepensjon.

Pensjonsordninga gir rett til ei definert yting i samsvar med tariffavtalen i kommunal sektor. Framtidig utbetaling frå KLP avheng av talet på opp-teningsår, lønnsnivå ved oppnådd pensjonsalder og storleiken på ytingane frå folketrygda.

I tillegg til den ordinære tariffesta tenestepensjonsordninga kjem ytingar i form av tidlegpensjon og avtalefesta pensjon (AFP) frå 62 år. Dette er også ei kollektiv ordning som er forsikra gjennom Kommunal Landspensjonskasse og er basert på 100 % utjamning.

Årets pensjonspremie og andre tilleggssinnbetalingar er tekne med i resultatregnskapet som lønnskostnad. Pensjonsforpliktingar er ikkje balansførte, jf. NRS nr. 8.

| | |
|--|-------------|
| | 2008 |
| Årets pensjonspremie: | 2 723 036 |
| Pensjonspremiefond pr 31.12 | 7 472 |
| Talet på tilsette pr. 31.12 som er omfatta av pensjonsordninga | 43 |

NOTE 7 BUNDNE BANKINNSKOT

| | |
|---|-------------|
| | 2008 |
| Av bokført bankinnskot er følgande beløp bunde: | 1 092 964 |

NOTE 8 EIGENKAPITAL

| Innskoten egenkapital | Omarbeida 01-01-08 | Endringar | 31-12-08 |
|--|-----------------------|-----------------------|-------------------|
| Aksjekapital | 500 000 | | 500 000 |
| Overkursfond | 13 864 415 | | 13 864 415 |
| Annen innskoten egenkapital | 50 000 | | 50 000 |
| Sum innskoten egenkapital | 14 414 415 | - | 14 414 415 |
| Opptent egenkapital | 01-01-08 | Årets resultat | 31-12-08 |
| Sum omarbeida annen egenkapital | (256 624) | 694 187 | 437 564 |
| Sum omarbeida opptent egenkapital | (256 624) | 694 187 | 437 564 |
| Sum majoritetens egenkapital | 14 157 792 | 694 187 | 14 851 979 |
| Minoritetsinteresser | 224 950 | 39 111 | 264 061 |
| Sum egenkapital | 14 382 742 | 733 298 | 15 116 040 |

NOTE 9 TILSKOT

Selskapet mottok offentlege tilskot som ein del av den ordinære prosjektverksemda. Desse tilskota vert bruttoført og inntektsført etter medgått tid og kostnader.

Ein mottok også generelle tilskot (grunnløyving) frå Norges Forskningsråd og Møre og Romsdal Fylke.

| | 2008 |
|---------------------------------------|-----------|
| Grunnløyving frå Norges Forskningsråd | 2 200 000 |
| Tilskot Møre og Romsdal Fylke | 1 368 000 |

NOTE 10 SKATT

Skattekostnaden vert samanstillt med rekneskapsmessig resultat før skatt. Skattekostnaden omfattar betalbar skatt (skatt på skattepliktig inntekt i året) og endring i netto utsett skatt.

Spesifikasjon av forskjellen mellom regnskapsmessig resultat før skattekostnad og skattepliktig nettoinntekt.

| | |
|--|------------|
| Resultat før skattekostnad | 1 036 868 |
| +/- Permanente forskjeller | 47 309 |
| +/- Endring i midlertidige forskjeller | -5 651 125 |
| Sum skattegrunnlag i året | -4 566 948 |

Mellombelse forskjeller fordeler seg som følger:

| | 01.01.2008 | 31.12.2008 | Endring |
|--|------------|------------|------------|
| Omløpsmidler/kortsiktig gjeld | 10 973 712 | 16 258 327 | -5 284 615 |
| Anleggsmidler | -3 146 841 | -2 780 331 | -366 510 |
| | | | 0 |
| Underskot til framføring | 0 | -4 566 948 | 4 566 948 |
| Netto mellombelse forskjeller | 7 826 871 | 8 911 048 | -1 084 177 |
| Mellombelse forskjeller som ikkje er utlikna | 0 | 0 | 0 |
| Utsatt skatteforpliktelse 28% | 2 191 523 | 2 495 093 | -303 570 |

Utsatt skatteforpliktelse er oppført som langsiktig gjeld i balansen ihht. god regnskapsskikk.

Årets skattekostnad:

| | |
|----------------------|----------|
| Betalbare skatter | 0 |
| Endring utsatt skatt | -303 570 |
| Sum | -303 570 |

REVISJONSMELDING

hovden & vatne statsautoriserte revisorar as

Medlemmer i Den norske Revisorforening
Org.nr. 987 832 916 MVA
E-post: firmapost@h-v.no
www.h-v.no

Til Generalforsamlinga i Møreforsking AS

REVISJONSMELDING FOR 2008

Vi har revidert årsrekneskapen for Møreforsking AS for rekneskapsåret 2008, som syner eit årsoverskot på kr 653.481,- for morselskapet og eit årsoverskot på kr 733.298 for konsernet før minoritetsinteresser. Vi har også revidert opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halde fram og forslag til bruk av årsoverskotet. Reglane i rekneskapslova og god rekneskapsskikk i Noreg er nytta ved utarbeidinga av rekneskapen. Årsrekneskapen er samansett av resultatrekneskap, balanse, opplysningar i notar og konsernrekneskap. Årsrekneskapen og årsmeldinga er lagde fram av styret og direktøren i selskapet. Vår oppgåve er å vurdere og uttale oss om årsrekneskapen og andre tilhøve slik revisorlova krev.

Vi har utført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna revisjonsstandardar vedtekne av den Den norske Revisorforening. Revisjonsstandardane krev at vi planlegg og utfører revisjonen slik at han gir oss den tryggleiken vi treng for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon. Revisjon omfattar kontroll av utvalde delar av materialet som ligg til grunn for informasjonen i årsrekneskapen, vurdering av dei rekneskapsprinsippa som er nytta og av vesentlege rekneskapsestimat og dessutan vurdering av innhaldet i og presentasjonen av årsrekneskapen. Så langt det følgjer av god revisjonsskikk, omfattar revisjon også ein gjennomgang av forvaltninga av formua og rekneskaps- og intern kontrollsystema i selskapet. Vi meiner at revisjonen vår gir eit forsvarleg grunnlag for konklusjonane.

Vi meiner at

- årsrekneskapen er lagt fram i samsvar med lov og forskrifter, og gir eit rettvisebilete av selskapet og konsernet si økonomiske stilling 31. desember 2008 og for resultatet i rekneskapsåret som er i samsvar med god rekneskapsskikk i Noreg
- leiinga har oppfylt plikta si til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg
- opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halde fram og forslag til bruk av årsoverskotet, er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Ørsta, den 18. juni 2009
Hovden & Vatne

Arvid Hovden (sign)
statsautorisert revisor

| HOVUDKONTOR: | AVD. KONTOR | |
|---|---|---|
| Ørsta, Vikegt. 5 Postb. 203, 6151 Ørsta Tlf.: 70 04 59 00 • Faks: 70 04 59 01 | Volda, Halkjelsgt. 1 Postb. 345, 6101 Volda Tlf.: 70 07 69 33 | Eid, Lotevegen 21 Postb. 315, 6772 Nordfjordeid Tlf.: 57 88 64 16 |





MØREFORSKING VOLDA

Møreforskning Volda driv samfunnsvitskapleg forskning med hovudvekt på regional utvikling og velferd. Fagfelta er utvikla i samarbeid med Høgskulen i Volda, som vi samarbeider tett med både om fagleg utvikling og gjennomføring av forskingsprosjekt.

Møreforskning Volda hadde i 2008 12 forskarar tilsett i ulike stillingsdelar. Saman med tilsette frå Høgskulen i Volda, dannar desse eit felles fagleg miljø på om lag 20 forskarar innan velferdsforskning og regionalforskning. Det vart i 2008 arbeidd med 26 ulike prosjekt og publisert 21 rapportar. Møreforskning Volda hadde i 2008 ei omsetning på NOK 7,3 mill og eit resultat på NOK 0,1 mill.

REGIONALFORSKING

